



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	13.05.2013
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/12	Referatsaker	
PS 13/13	Søknad om tilleggsareal/grensejustering - dispensasjon frå reguleringsplan Gnr. 50 bnr. 228 (Selvika) - Anniken Stormyr	2013/234
PS 13/14	Søknad om dispensasjon til utbetring/plastrin av molo, frådeling av tilleggsareal til fritidseigedom og etablering av traktorveg på gnr 41 bnr 4 til gnr 41 bnr 14 - Arnold Opstad	2012/142

Midsund, 07.05.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/12 Referatsaker



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/234-2
Arkiv: 50/22
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 30.04.2013

Saksframlegg

Søknad om tilleggsareal/grensejustering - dispensasjon frå reguleringsplan Gnr. 50 bnr. 228 (Selvika) - Anniken Stormyr.

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/13	Planutvalet	13.05.2013

Forslag til vedtak:

1. Anniken Stormyr 50/228 i Selvika får dispensere frå reguleringsplan for Midsund sentrum.
2. Planutvalet godkjenner ei grensejustering (makebytte) mellom 50/228 og 50/220 med makebytte av ca. like store delar frå naboarealet – ”Anlegg for leik”.

Saksutgreiing:

Anniken Stormyr - 50/228 - i Selvika søker om grensejustering av sin tomt. Jfr. kart, dette for å få ein god plass til garasjen på ca. 5,4 x 7,2 m. Det er søkt om grensejustering/makebytte med like stor del mot naboarealet, som i reguleringsplana er avsett til ”Anlegg for leik”.

Vurdering:

Sender ikkje denne søknaden på høring sidan ein kan stette søknaden med eit grensejustering/makebytte med ca. like store areal – frå Anlegg for leik.

Etter reguleringsplana er denne tomte vanskeleg å få plassert både hus og garasje sidan bakre grense endar i ein kile.



Utsnitt av reguleringsplan



Utsnitt av søknaden (ny grense merka med rødt)

Den nye grensa blir parallell med austveggen på huset og ein avstand frå huset på 14,5 m.

Området i reguleringsplana for Midsund sentrum får ca. like stort areal etter denne justering både for 50/228 og ”Anlegg for leik”.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Anniken Stormyr 50/228 får dispensasjon frå ”Reguleringsplana for Midsund sentrum”.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Søknad ned kart.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Anniken Stormyr.



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2012/142-11

Arkiv: 41/4

Saksbeh: Torbjørg Lillebø

Dato: 03.05.2013

Saksframlegg

Søknad om dispensasjon til utbetring/plastrin av molo, frådeling av tilleggsareal til fritidseigedom og etablering av traktorveg på gnr 41 bnr 4 til gnr 41 bnr 14 - Arnold Opstad

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/14	Planutvalet	13.05.2013

Forslag til vedtak:

1. Arnold Opstad får dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til utbetring/plastring av hamn på gnr. 41 bnr. 4.
2. Søknad om frådeling av tilleggsareal til fritidseigedom samt etablering av traktorveg på same eigedom vert avslått etter plan- og bygningslova § 19-2.

Ein gjer merksam på plikt til å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Saksutgreiing:

Arnold Opstad søker om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 til utbetring/plastring av hamn, frådeling av tilleggsareal til fritidseigedom samt etablering av veg på gnr. 41 bnr. 4.

Aktuelle tiltak ligg i eit LNF-1 område i kommuneplanen sin arealdel og i 100-metersbeltet langs med sjø. Det er i tillegg registrert eit kulturminne, gravrøys med bautasteinar, i området nært inntil omsøkt tiltak. Areal som er søkt frådelt er udyrka, medan område for etablering av traktorveg ligg på dyrka mark.

Saka vart sendt på høyring 21.01.2013 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket, Møre og Romsdal havn og NTNU Vitenskapsmuseet. Kopi av uttalane følgjer vedlagt.

NTNU Vitenskapsmuseet, uttale datert 01.02.2013:

NTNU Vitenskapsmuseet har ingen merknadar til søknaden med unntak av at dei minner om meldeplikta om det vert funne kulturhistorisk materiale som kan vere verna eller freda under arbeidet.

Kystverket, uttale datert 04.02.2013:

Kystverket har ingen merknadar til søknaden.

Molde og Romsdal havn, uttale datert 14.02.2013:

Molde og Romsdal havn har ingen merknadar til søknaden.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, uttale datert 27.02.2013:

Fylkesmannen finn det uheldig å legge ein traktorveg over dyrka mark. Etablert driftsveg bør kunne dekke behov for transport til hyttene.

Møre og Romsdal fylkeskommune, uttale datert 08.03.2013:

Fylkeskommunen har ikkje innvendingar mot utbetring av molo eller massetak. Fylkeskommunen ser ikkje at det er høve for kommunen til å gje dispensasjon til frådelling av tilleggsparsell til fritidsbustad samt bygging av traktorveg. Ein eventuell dispensasjon til etablering av traktorveg må stille vilkår om avklaring i høve til kulturminne. Dersom kommunen gjev dispensasjon til frådelling av tilleggsparsell vil vedtaket bli påklaga av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vurdering:

Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 frå vedtekne planar og føresegner kan ikkje gjevast dersom:

- omsynet bak føresegna det vert dispensert frå vert vesentleg sett til side
- omsyna i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova vert vesentleg sett til side

Vidare må fordelene ved å gje dispensasjon vere større enn ulempene. Fordelen ved å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene etter ei samla kommunal vurdering.

Det føreligg ingen merknadar frå høringsinstansane imot søknad om utbetring av molo samt masseuttak i området. Moloen er allereie etablert, og området for masseuttak ligg nært inntil moloen. Utbetring av moloen og masseuttaket vil ikkje medføre særlege endringar i høve til det som allereie er etablert i området, og vil ikkje sette omsyna bak formålet med gjeldande plan til side eller gje særleg endringar i høve til strandsona. Moloen det er søkt om dispensasjon for utbetring av framstår i dårleg forfatning, og har tydeleg behov for vedlikehald for å kunne stette sin funksjon. Fordelane ved å gje dispensasjon framstår etter dette som vesentleg større enn

ulempene, og kommunen har etter dette høve til å gje dispensasjon for omsøkt utbetring av molo og masseuttak på gnr. 41 bnr. 4.

Når det gjeld frådeling av tilleggsareal til fritidseiendom er grunngevinga for frådeling oppgjeven å gje betre tilkomst for fritidseiendom gnr. 41 bnr. 14. Søkar uttalar at noværande atkomst er bratt, noko som gjer frakting av tyngre varer tungt og vanskeleg.

Arealet som er søkt frådelt er per i dag ikkje dyrka, og er ulendt med berg. I nærleiken til aktuell parsell ligg det ei gravrøys md bautasteiner. Møre og Romsdal fylkeskommune er i mot frådelinga då denne vil kunne svekke tilhøva for det automatisk freda kulturminne, jfr kulturminnelova §§ 3 og 6. Ei frådeling av omsøkt areal vil etter dette sette omsyna bak gjeldande føresegner vesentleg tilside, og det er slik ikkje høve for kommunen til å gje dispensasjon for frådeling av omsøkt tilleggsareal etter plan- og bygningslova § 19-2.

I høve søknad om opparbeiding av traktorveg på gnr. 41 bnr. 4 er denne søkt plassert på dyrka mark. Fylkesmannen i Møre og Romsdal finn det uheldig å legge ein traktorveg over dyrka mark, uavhengig av tilstanden til marka. Som Møre og Romsdal fylkeskommune påpeikar eksisterar det allereie ein driftsveg i området, og denne bør kunne vere tilstrekkeleg til å kunne dekke hyttene eitt transportbehov. Traktorvegen vil i tillegg kome i konflikt med eit automatisk freda kulturminne. Ein dispensasjon for etablering av omsøkt traktorveg på gnr. 41 bnr. 4 vil etter dette sette omsyna bak gjeldande føresegner vesentleg tilside, og kommunen har etter dette ikkje høve til å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Torbjörg Lillebø
Saksbehandler

Vedlegg (prenta):

NTNU Vitenskapsmuseet
Kystverket
Molde og Romsdal Havn
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre Romsdal fylkeskommune